



Etiske retningslinjer for Meland kommune, vedteke i kommunestyret 12.03.08, sak 027.

Del 1 – Generelt om retningslinjene

1.1. Verdigrunnlag

Meland kommune har som uttrykt visjon "*Eit samfunn for alle.*" Denne visjonen skal danne bakgrunn for alle handlingar og all verksemd i kommunen.

I tillegg skal dei etiske retningslinjene sikre at kommunen byggjer verksemda si på allmennetiske og forvaltningsetiske verdiar og normer.

1.2. Målgruppe

Retningslinjene gjeld for alle tilsette og alle folkevalde i Meland kommune.

1.3 Forventingar til målgruppa

Tilsette og folkevalde skal vere medvitne om at deira haldningar og handlingar danner grunnlaget for innbyggjarane sin tillit til Meland kommune. Både folkevalde og tilsette skal difor ta avstand frå - og aktivt kjempe mot all uetisk forvaltningspraksis.

1.4. Sanksjonar ved brot på dei etiske retningslinjene

Å etterleve desse retningslinjene handlar om at både den enkelte folkevalde og den enkelte tilsette må utvikle forståing for etiske grunnverdiar og haldningar – som del av ein grunnleggjande kultur. Drøftingar kring etiske dilemma skal vere ein del av den politiske og administrative kvardagen. Handlingar som er klart uetiske vil bli påtala av overordna leiing.

Del 2 – Medmenneska og omgjevnadene våre

2.1. Omsynet til innbyggjarane

Meland kommune er til for innbyggjarane, både i rolla som leverandør av tenester og i rolla som forvaltningsverksemd. I skriftleg/kommunikasjon og samhandling skal ein vere omsynsfull, høfleg, korrekt og imøtekommande. I mange saker må omsynet til den enkelte innbyggjar vegast opp i mot fellesskapet og kommunenesamfunnet.

2.2 Omdømme

Tilsette og folkevalde er alle representantar for Meland kommune og skal alltid utføre oppgåvene sine og opptre på ein slik måte at ein ikkje skader, - men heller fremjar kommunen sitt omdømme.

2.3. Lojalitet

Det vert forventa frå både folkevalde og tilsette at dei:

- følgjer lover og føresegner som er fastsette av overordna statlege styresmakter.
- følgjer dei reglement, instruksar og retningslinjer som er fastsette lokalt i Meland kommune.
- forvaltar kommunen sine interesser og verdiar på ein for samfunnet best mogleg måte.

2.4. Varsling

Lojalitetsplikta et gjensidig mellom tilsette og arbeidsgjevar. Arbeidstakaren skal ikkje utan god grunn omtale arbeidsgjevar Meland kommune eller den enkelte arbeidsplass på ein negativ måte.

Arbeidsgjevar skal på si side leggje til rette for at det kan varslast om kritikkverdige tilhøve på ein forsvarleg måte. Hovudregelen er at tilhøvet bør takast opp med nærmeste overordna. Dersom dette er vanskeleg eller ikkje fører fram, kan arbeidstakaren gå vidare til neste ledd i organisasjonen, eller direkte til rådmannen. I nokre tilfelle kan det også vere ei løysing å ta saka opp med tillitsvalde eller verneombod, eller varsle eksternt. Konkret varslingsrutine er nedfelt i Meland kommune sitt internkontrollsysteem, sjå *Arbeidsperm for verneområda*, kap. 4.

Arbeidstakarar som varslar om kritikkverdige tilhøve på ein forsvarleg måte, er verna av reglane om varsling i arbeidsmiljølova.

Det er uansett ei målsetjing at Meland kommune skal vere ein *open* organisasjon, der konstruktiv kritikk vert sett på som eit middel til bli betre.

2.5. Informasjon

Kommunen har i samsvar med kommunelova ei aktiv informasjonsplikt. I all saksbehandling skal det leggjast vekt på å få fram fullstendig, korrekt og sakleg informasjon som grunnlag for dei avgjersler som skal takast. Informasjon som ikkje er forruleg skal vere open og tilgjengeleg for alle. Fortruleg informasjon skal respekterast.

2.6 Tilhøvet politikk – administrasjon

I ein kommuneorganisasjon har folkevalde og administrasjon ulike roller. Begge partar skal opptre ryddig og byggje samspelet seg i mellom på tillit og respekt.

Del 3 - Ulike etiske problemstillingar

3.1. Habilitet/interessekonflikt

Det er viktig at innbyggjarane i Meland kjenner seg trygge på at dei avgjersler som vert tatt, anten desse er politiske eller administrative, ikkje er påverka av usaklege eller utanforliggjande omsyn. Alle administrativ saksbehandling og all behandling i politiske fora skal byggje på prinsippet om *likebehandling*.

Døme på område der det kan oppstå interessekonfliktar og der både folkevalde og tilsette må ha skjerpa merksemnd:

- Forretningsssamband eller andre liknande bindingar.
- Personlege økonomiske interesser.
- Familiære eller andre sosiale band.
- Situasjonar der det er uvennskap.

- Engasjement i interesseorganisasjonar der ein kjem i lojalitetskonflikt i høve Meland kommune si verksemd.
- Løna (ekstra-) arbeid som kan verke inn på arbeidet i Meland kommune

3.2. Innkjøp og forretningsskikk

Ved alle innkjøp i Meland kommune skal *Lov om offentlige anskaffelser* m/forskrifter følgjast.

3.3. Mottak av gåver og andre føremoner

Folkevalde og tilsette skal unngå personlege føremoner som kan påverke, eller vere eigna til å påverke handlingar, saksførebuing eller vedtak. Gåver av svært liten verdi kan likevel mottakast.

Gåver omfattar ikkje berre materielle ting, men også andre føremoner som t.d. reiser, hotellopphald, bevertning, rabattar, lån eller andre ytingar.

Ved tilbod som går ut over omgrepene ”svært liten verdi”, skal tilsette kontakte nærmeste overordna for avklaring, og folkevalde bør kontakte ordførar i slike situasjonar. Gåver som er mottatt skal returnerast til avsendar saman med eit brev som gjer greie for kommunen sine reglar om dette.

Gjestfridom og representasjon høyrer med i samarbeidstilhøve og informasjonsutveksling. Graden av slik merksemd må likevel ikkje utviklast slik at avgjerdss prosessar vert påverka eller kan gi andre grunn til å tru at dette skjer.

Reiseutgifter i fagleg samanheng skal dekkjast av kommunen. Unntak kan berre skje etter særskilt vedtak.

For helsepersonell vert det også vist til dei avtalane som er inngått mellom legemiddelinseindustrien og ulike forbunda, til forskriftene til helsepersonellova og til etiske retningslinjer som gjeld for Norsk Sykepleierforbund og Den norske legeforening.

3.4. Mitt og vårt - i kommunen

Bruk av kommunen sine maskinar, bilar og anna utstyr skal berre skje i samsvar med fastsette retningslinjer.

Det er viktig å vere medviten om at alt som er eigd av kommunen, t.d. bygningar, inventar, bilar, utstyr, verkty m.m tilhøyrer fellesskapet og at det såleis skal forvaltas med skjønnsemnd.

